
Saksnr: 2020/37488-19
Saksbehandlar: Signe Rauboti

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		23.03.2021
Fylkesutvalet		26.03.2021

Eigarstrategi for Skyttel AS

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek eigarstrategi for Skyttel AS slik han føreligg, jf. vedlegg.

Samandrag

Som ledd i oppfølginga av selskapskontrollen av Skyttel AS, har fylkestinget bede dei tre eigarane, fylkeskommunane Agder, Rogaland og Vestland, etablere ein felles eigarstrategi for selskapet, jf. PS 95/2020, vedtakspunkt 2. I denne saka legg fylkesrådmannen fram utkast til ein slik felles eigarstrategi. Dei tre fylkesordførarane har drøfta og vorte samde om utkastet.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Utkast til eigarstrategi for Skyttel AS

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Som ledd i oppfølginga av selskapskontrollen av Skyttel AS, har fylkestinget bede dei tre eigarane, fylkeskommunane Agder, Rogaland og Vestland, etablere ein felles eigarstrategi for selskapet, jf. PS 95/2020, vedtaks punkt 1-3 i den delen av fylkestinget sitt vedtak som rettar seg mot eigarane.

Fylkesrådmannen legg her fram utkast til ein slik felles eigarstrategi for selskapet, jf. vedlegget. Utkastet er utarbeidd i samarbeid mellom dei tre eigarane.

Dei tre fylkesordførarane drøfta i møte 27.01.21 det dåverande utkastet, som var utarbeidd administrativt i dei tre fylkeskommunane. Etter å ha gjort nokre få endringar, er fylkesordførarane samde om eigarstrategien, slik utkastet no føreligg.

Med den felles eigarstrategien etablerer eigarane ein rutine for jamlege eigarmøte, og legg til rette for systematisk oppfølging av eigarrapporteringa frå selskapet, jf. vedtaks punkt 1 og 3 i den delen av fylkestinget sitt vedtak i PS 95/2020 som rettar seg mot eigarane.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet, jf. reglement for fylkesutvalet punkt 2.1.7. Fylkesutvalet tek avgjerd i alle saker der avgjerdsmynde ikkje ligg til anna organ, og der saka ikkje er av prinsipiell betydning for fylkeskommunen si verksemd.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Føremålet med eigarskapet er finansielt, og på sikt ventar eigarane at selskapet kan utbetale utbytte.

Klima: I eigarstrategien stiller eigarane krav til selskapsverksemda, m.a. at selskapet aktivt tek ansvar for klimakrisa som verda ser i dag, og derfor tek del i Noreg sine klimamål for 2030, som er å redusere utsleppa med 50-55 %, mot 1990-nivå. Selskapet skal dokumentere og rapportere på kva tiltak som er sett i verk og effekten av desse.

Folkehelse: Ikkje direkte relevant.

Regional planstrategi: Ikkje direkte relevant.

Eigarstrategien for Skyttel AS definerer kva som skal vere kjerneområdet for verksemda i selskapet. Vidare fastset strategien eigarane sine krav til styret, korleis eigarane skal utøve eigarskapet og eigarane sine resultatmål for selskapet. Strategien stiller også krav om rapportering til eigarane.

Framlegget legg etter fylkesrådmannen sitt syn til rette for aktiv eigarskapsutøving.

For at den felles eigarstrategien skal kunne vedtakast no, er det ein føresetnad at det ikkje skjer endringar ved den politiske handsaminga i berre ein eller to av dei tre fylkeskommunane. Eventuelle endringsframlegg bør altså koordinerast med dei to andre eigarane. Den politiske handsaminga i Agder fylkeskommune og Rogaland fylkeskommune finn stad om lag samstundes som den politiske handsaminga i Vestland fylkeskommune.

Konklusjon

Fylkesrådmannen tilrår at fylkesutvalet vedtek eigarstrategien for Skyttel AS slik han føreligg.